

Månadsbrev desember 2016



Turen til Väike-Maarja vart flott og alle kom særers nøgde heim att. Sidan me reiste på eit nytt tidspunkt, vart det ei ny oppleving for lærarane og foreldra som hadde vore med tidlegare. Dei tre 10.-klassingane har hospitert på vidaregåande skule, og dei fekk godt utbytte av opphaldet både på Tryggheim skular og Bryne vgs. Alle på ungdomstrinnet var med på OD-dag til inntekt for **ArcKenya**, og jobba inn kr. 3800,-. Det blir ungdommane i Majiwa glade for, og det kan vera det blir litt ekstra utstyr til jul. 1.-4. samla inn kr. 9136,- til **FORUT** gjennom sal av produkt og lynlotteri blant tilsette og besøkjande på skulen, og det er overført kr. 24 290,- til **Bahati house** i Tanzania etter skuleløpet på SN-dagen. Haustsamlingane har hatt godt oppmøte og innhaldsrikt program for store og små, og de har sikkert allereie sett **BlimE-dansen** på heimesida. Dessverre blir det **endringar** i kulturell skulesekk, og både "Romeo og Julie" og Stein Versto "Med dikt i skreppa" er utsett til februar/mars, men 1.-4. hadde ein flott konsert med **Geirr Lystrup** sist onsdagsskule. Lystrup koste seg òg over songglade og engasjerte elevar!



Dermed var snart første halvår over for denne gong... Desember går fort med adventsamlingar, juleverkstad, øving til juletreffest og halvårsprøvar. Småskulen har **adventsamling** kvar dag på biblioteket med lesing og adventskalender, men deler seg i to grupper (1.-2. og 3.-4. kl.). Mellomtrinnet skal ha adventsamling med lesing og aktivitets-julekalender, medan ungdomstrinnet satsar på samling kvar måndag, hemmeleg nisse og julegraut 16. desember.

Det er **morgonsamling med julegrantenning** på Sinnes skule 5. desember. 1.-4. klasse gjennomfører **juleverkstad** med grautservering torsdag 8. Det får dessverre ikkje Hilde og Åse-Berit innblikk i, for dei er på leiarsamling ("Leders betydning for utvikling av et betre læringsmiljø i barnehage og skole") med Pål Roland i Flekkefjord. Hanne skal på **ungdommens fylkesting** i Kristiansand 5.-6. desember saman med ein elev frå Tonstad skule, og same dag er Åse-Berit på arbeidsmøte i **UNESCO-nettverket ASPnet** i Oslo.

Halvårsprøvene for ungdomstrinnet byrjar med norsk hovudmål og sidemål onsdag 7. og torsdag 8. desember, fortset med engelsk fredag 9., medan det vert matematikk tysdag 13. Godt arbeid både under førebuinga og på sjølve prøvedagen!

Juletreffesten vert måndag 19. desember, der det meste følgjer tradisjonen, men i år er me attende til innslag frå kvar klasse eller trinn. Ver grei å ta med eit **stort** fat mat til festen! **Julegudstenesta** vert siste skuledag, dvs. tysdag 20., og alle er velkomne!

Hugs **onsdagsskule** for 1.-4. klasse 14. desember, og at alle byrjar etter juleferie att allereie **måndag 2. januar!**



Sinnes 30.11.16, Åse-Berit